



Gøy på Cheercamp Uskedalen

For tida føregår eit svært godt tilbod til barn og ungdom som nett har fått skuleferie, i Aktivitetshuset. Det er CheerCamp Uskedalen. Fire dyktige instruktørar har treningar med deltakarane 4 timar kvar dag inkludert ein halv times lunsjpause. Onsdag kl.15 vert det avslutningsshow, og der kan vi få sjå kva dei har lært, og få meir kjennskap til kva cheerleading er.



Luftige svev!

Cheerleading er ein idrett med eit innhald som underteikna opplever som både variert, spennande, spenstig og sprekt. Den inneheld både stunt, løft, kast, pyramide, hopp og turn. Det føregår i høgt tempo og er spennande både for aktørar og publikum. På onsdag kan vi få vera publikum og få smakebitar på kva deltarane har lært på den 5 dagars campen. Showet startar kl.15, og dei opnar dørene 20 minutt før det. Det vert salg av kaker og kaffi, og her kan vi få betalt både med kort og vipps i tillegg til kontantar.

Då eg var innom mandag var det lunsjpause. Deltakarane smurde rundstykke og dei kunne velja i forskjellig pålegg. Lunsjen er inkludert i kursavgifta. Medan deltarane kosa seg med maten rundt borda, tok eg ein prat med dei 4 instruktørane, Stian Hella, Alexander Soliman, Nicole Ims og Christer Haga. Dei kjem frå to ulike cheerleading-klubbar i Bergen, Seahawks og BTSI.

- Vi er ein gjeng som berre har funne kvarandre, og hadde lyst å dela erfaringane våre med andre. Derfor kom vi på denne idèen, og Uskedalen vart valt sidan to av oss har vore her som instruktørar på FestidaGen, fortel Stian. Dei fire er altså aktive i to forskjellige klubbar i Bergen der dei også er trenarar for ulike lag.

Etter som eg snakkar med dei 4 instruktørane, som bur på Rabben Feriesenter, vert eg imponert over tilbodet deira. I tillegg til trening frå 12 til 16 kvar dag, inkluderer kursavgifta lunsj kvar dag, t-skjorte med eigen logo for Cheercamp Uskedalen, bånd og grilling. Grillinga var søndag frå 18 til 20, og trass i veret var den svært vellukka. Dei heldt til i grillhytta ved skulen.



Vellukka grilling på søndag.

Når eg høyrer alt dei får for deltakaravgifta på 500 kroner, stussar eg litt og spør om dei har sponsor sidan dei kan gjere det så billeg. Det har dei ikkje, men dei gjer ikkje dette for å tena pengar, men for å dela efaringa og idrettsgleda.

- Vi håpar det skal gå i ballanse, seier dei.

Svært gledeleg er det å høyra at dei håpar å følgja opp med ein ny CheerCamp Uskedalen neste sommar. Då er jammen vi uskedalingane og kvinnheringane heldige! Tenk å få eit så flott tilbod til barn og ungdom i skuleferien. - Tilbodet vil gå til aldersgruppa 7-17 år, og vi håpar at vi kan få så mange deltakarar at vi kan dela dei i to grupper etter alder neste år. Då håpar vi også at vi i tillegg til fellestreningane kan tilby enkelttimar, seier dei fire ungdommane som skryt over dei flinke deltakarane. Deltakarane eg snakkar med er til gjengjeld svært samstemte i at dette er veldig gøy. Til saman er det 24 deltakarar i alderen 6-15 år. Dei kjem frå strekningen frå Rosendal til Halsnøy. Til neste år håpar instruktørane på mange fleire, men då trengst det også fleire trenarar.

Då lunsjpausen var ferdig, og vi hadde avslutta praten, var det full fart i hallen att. Då skulle det trenast på opninga til showet på onsdag. Det byrjar altså kl.15 og i tillegg til kursdeltakarane si oppvisning, vil trenarane også visa eksempel på kva dei kan. Eg gler meg!



Aktiviteten føregår både inne og ute.



Skikkeleg gøy!



Stilig!



Balansekest!

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Instruktørane.